
Søkar

Institusjonsopplysningar

| | |
|------------------------------|------------------------------------|
| Institusjonsnamn | Modalen bibliotek |
| Institusjonens e-postadresse | mona.grenasberg@modalen.kommune.no |
| Postadresse | Mo 3 |
| Postnummer | 5729 |
| Poststad | Modalen |
| Leiar av institusjonen | |
| Førenamn | Mona |
| Etternamn | Grenasberg |
| Telefon | 45 495 730 |
| E-post | mona.grenasberg@modalen.kommune.no |

Er leiar av institusjonen kontaktperson for Ja
tiltaket?

Tiltak

Beskriv tiltaket

| | |
|------------------|---|
| Namn på tiltaket | Hundreårsmarkering Olav Nygard digital formidling, lyd og bilde.Minnevegg dikt utanfor biblioteket. |
|------------------|---|

Mål for tiltaket

I 2024 er det hundreårsmarkering for dikteren Olav Nygard. Mål for tiltaket er å gjere kjent og heidre Modalen sin store diktar gjennom tidene. Me skal ha ei rekke arrangement i kommunen i løpet av 2024, og biblioteket må ha ei viktig rolle her.

11. februar 1924 døydde dikteren Olav Nygard, berre 39 år gamal. Han er, etter vår meining, ein av Noregs store diktarar, men blei i løpet av sitt korte liv alt for lite kjend. Claes Gill har uttrykt at "Om Olav Nygard hadde skrevet på et verdenssprog, ville han hatt rang som en av verdenslitteraturens store lyrikere." Me meiner at arbeidet hans fortener å bli løfta fram og heidra ved ei markering i samanheng med at Me vil løfta diktinga fram på ulike måtar, også digitalt og for ulike aldersgrupper og i samarbeid med andre. Målet er og å nytte fleire kanalar for å syne fram den utrulege diktinga, og me vil utforme både minnevegg, dikt limt på vegg i allaktivitetshuset. Og lage til presentasjon med lyd bilete og filmsnuttar.

Beskriving av tiltaket

I biblioteket planlegg me å utvikle ein heilt ny ein forfattarvegg med dikt, sitat og bilete, denne vil ha direkte samband med dikt og skilt utanfor biblioteksrommet i allaktivitetshuset. Dette er eit tidkrevande arbeid som krev at ein går inn i stoffet for så å kunne presentere stoff ut, også på ulike arenaer. Me har ikkje nok ressurar til arbeidet med dette per i dag, me har kun ein 50% bibliotekarstilling som trengs for dei daglege biblioteksoppgåvene. Me treng frikjøp/auke av personalressursar for å gjennomføre arbeidet både med forfattarveggen som vil vera knytt til og andre veggjar utanfor biblioteksrommet der me vil ha dikt monterte på vegg, det er ein eigen metode der kvar bokstav er limt på vegg. I tillegg vil me ved frikjøp av personale til å lage ein digital presentasjon om Olav Nygard, kunne reise ut til barne og ungdomsskule og halde presentasjon både meg lyd og bilete. Dette er ei nyskaping som aldri har vore laga før. Og denne vil kunna nå ungdom og barn. Me ynskjer og å samarbeide med Dale bibliotek som har sagt dei gjerne vil samarbeide med oss, der Modalen er drivaren sidan det er me som arrangerer hunderårsmarkeringa neste år. Bibliotekar i Modalen byrja på ein presentasjon i samband med eit føredrag om Olav Nygard, og vil gjerne få utvikle denne for presentasjon både med lyd og bilete. Olav Nygard blei fødd og vaks opp på Krossen i Modalen. Kjennskapen til både livshistorie og betydinga av diktinga hans forsvinn meir og meir. Modalen kommune ynskjer difor å lage til arrangement for å markere og heidre Olav Nygard sitt liv og virke. Dette skal vere fleire kulturarrangement som passar for mange, både innbyggjarane i Modalen og tilreisande, unge og eldre. Olav Nygard er kjend langt utanfor våre kommunegrensar og fylkesgrensar og me søkjer no om personalressurs slik at fagkompetansen som finst i biblioteket (både på formidling og fagkunnskap om Olav Nygard) kan bli nytta. Den 50% stillingen er ikkje tilstrekkeleg til å driva tiltak utover biblioteksrommet, skape nye formidlingsopplegg (slik me vil med denne søknaden) og lage digital formidling og fokursere på utviklingstenking. Me vil og følgje opp planen om å samarbeide med biblioteket på Dale og viser til punktet om samarbeid med andre bibliotek. Neste år er det er planlagt eit variert innhald for å merkere dikteren med til dømes konsert med tonesette dikt av Olav Nygard, avduking av «Olav Nygard-vegg», diktlesing og foredrag/innlegg

frå personar med god kunnskap om Olav Nygards liv og virke. Me vonar at me klarar å skape breidde i synspunkt og kunnskap og kan få til eit inspirerande og varierte arrangement. I og utanfor biblioteketbiblioteket: Utforming av forfattervegg, presentasjon av livet til Olav Nygard også med framvisning av kulturskattar som ei fele han laga, ei tresleiv han spikka, ordboka han brukte, bøkene hans og den rosemalte kista med bøkene hans. Dette vil presenterast også for barnehage, skule og ungdomsskule. Samt utforming og framføring av digital presentasjon. Biblioteket har ikkje nok personalressursar til å gjennomføre eit slikt løft, me har kun stilling på 50% som bibliotekar. Me treng difor støtte til å få frikjøpt/auke personalressurs til å gjennomføre desse tiltaka. Då i form av å nytte fagkompetansen som bibliotekaren har opparbeidd seg gjennom fleire år både på Olav Nygard og formidlingsarbeid, ved å få mulegheit til å arbeide fleire dagar for å arbeide med ei digital framføring, ein presentasjon som får fram både livet og diktinga til Olav Nygard. Me rettar oss mot publikum både i kommunen men og tilreisande frå både Bergen, Vestlandet ellers og Austlandet. Ein rekkje bidragsytarar har vore med tildlegare på Nygardsstemna som vart arrangerte på nitttalet og tidleg 2000-tal. Biblioteket vil også vere aktivt med i å legge fram ei nyskriven bok om forfattaren. Bokprosjektet er ikkje omfatta denne søknaden. Om me får støtte til å utvikle den digitale presentasjonen, vil me reise ut av bibliotekrommet og framføre formidlinga hjå barne- og Ungdomsskule, biblioteket på Dale i Vaksdal kommune og i Alver kommune. Me gler oss til å samarbeide med Kurt Johannessen og med auka stilling slik at personalressurs vert tilgjengeleg, vert det tid å arbeide med denne visuelle presentasjonen på ein eller fleire veggjar i allaktivitetshuset. Me vil gjerne utvikle eit formidlingsopplegg som kan syne fram både livet og diktinga til Olav Nygard. Om bibliotekaren kunne ha arbeidd fleire dagar enn dei som no gå med til daglege biblioteksretta oppgåver både i vaksen og barneavdeling, vil det vera mogeleg å arbeide med slik utvikling og utadretta verksemd. Det passar perfekt at tiltaket er ettårig. Då Nygardmarkeringa også er det og arbeidet me treng støtte til vil gjennomførast i 2024. Slik det er no har me prøvd ut i praksis at den 50%stillingen ikkje er nok for å drive det utviklingsarbeidet og nytenkinga som me gjerne vil gjennomføre. Effektmål: kunnskap om dikteren på fleire arenaer og aldersgrupper. utstilling.

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)?

Ja

Namn

Vaksdal folkebibliotek

Beskriv samarbeidet

Biblioteket i Vaksdal kommune ved biblioteksjef hadde høyrte om at me planlegg Nygardmarkering neste år og spurte om me kunne samarbeide, at Modalen kan løfte noko at det programmet me lagar til her, ut slik at Dale også kan få nytte av det. Dette vil me gjerne og tenkjer også at det kan vere aktuelt å reise til Alver bibliotek med t.d. den digitale presentasjonen (som me ikkje har laga og treng personalressurs til).

Budsjett

Inntekter

| | |
|--------------------------------------|--------|
| Omsøkt beløp frå Nasjonalbiblioteket | 75 000 |
|--------------------------------------|--------|

| | |
|----------------------------|-------------------------|
| Beskriving andre inntekter | Tilskot Modalen kommune |
|----------------------------|-------------------------|

| | |
|-------|--------|
| Beløp | 20 000 |
|-------|--------|

| | |
|----------------------------|--|
| Beskriving andre inntekter | |
|----------------------------|--|

| | |
|-------|--|
| Beløp | |
|-------|--|

| | |
|------------------|--------|
| Samla inntekter: | 95 000 |
|------------------|--------|

Utgifter

| | |
|---------------------------|---|
| Beskriving andre utgifter | Frikjøp personalressurs til uforming av digital presentasjon for framføring i barne og ungdomsskule og andre bibliotek som Dale og Strilabiblioteket i Alver kommune. Produksjon av digital framsyning om Olav Nygard lyd og bilde og filmsnuttar om både livet hans og diktinga. |
|---------------------------|---|

| | |
|-------|--------|
| Beløp | 55 000 |
|-------|--------|

| | |
|---------------------------|---|
| Beskriving andre utgifter | Frikjøp av personale til utforming og samarbeid om dikt limte på ein eller fleire veggjar i allaktivitetshuset. I samarbeid med forfattar Kurt Johannessen. |
|---------------------------|---|

| | |
|-------|--------|
| Beløp | 30 000 |
|-------|--------|

Hundreårsmarkering Olav Nygard digital formidling, lyd og bilde.Minnevegg Søknad: Aktiv formidling
dikt utanfor biblioteket. 2024

Modalen bibliotek

Levert: 04.11.2023

Alle folkebibliotek

14:27:23

Søknadssum: 75 000

| | |
|---------------------------|---|
| Beskriving andre utgifter | Frikjøp personale til å jobbe med sitat og avisariklar som kan nyttast både i allaktivitetshuset og i digital presentasjon. |
|---------------------------|---|

| | |
|-------|--------|
| Beløp | 10 000 |
|-------|--------|

| | |
|-----------------|--------|
| Samla utgifter: | 95 000 |
|-----------------|--------|

Inntekter - utgifter

0